

Møtebok

Sak nr.:	01/2017	Arkiv nr.:	372.1	Møtedato:	20.01.2017
Saksbehandlar:	Odd Repp				

Høyrings sak. Ny behandling.

Søknad frå Glommen og Laagen brukseierforening om endring i manøvreringsreglementet for Tesse.

Sakspapir:

- Høyringsdokument oversendt med brev dagsett den 26.10.2016 frå NVE.
- Sak nr. 51/2016 i Lom fjellstyre.

Saka stod på saklista til møtet den 19.12.2016, men behandlinga av saka vart utsett.

Saksutgreiing:

Med brev dagsett den 26.10.2016 har NVE sendt ut til høyring søknad frå Glommen og Laagens brukseierforening (GLB) om endring i manøvreringsreglementet for Tesse. Høyringsfristen er sett til den 15. februar 2017.

GLB søker om å endre dato for oppfylling til kote 850,92 (HRV-3,5) frå 1. juli til 10. juli. Bakgrunnen for søknaden er at GLB meiner at dagens fyllingsbestemmelsar ikkje er tilpassa tilsiget frå snøsmeltinga i nedbørsfeltet. Regulanten meiner ei forskyving av fyllingskravet med ti dagar vil vera betre tilpassa tilsigsforholda og redusere produksjonstapet, utan å ha nemneverdige negative konsekvensar på natur og miljø.

Ved revisjonen av dei gamle reguleringskonsesjonane for Tesse, som trødde i kraft i 2011, vart det ei endring i manøvreringsreglementet. Regulanten hevdar i sin søknad at dei nye bestemmelsane om fylling av magasinet ikkje er tilpassa snøsmeltinga i nedfallsområdet for Tesse og Veo-overføringa, og at dei derfor har eit vesentleg produksjonstap. Dette hevdar dei er ein føresetnad ikkje skal skje ved ei konsesjonsfornyng, og viser til uttale i Ot.prop. nr. 50 (1991-92). Ved å forskyve datoen for fyllingskravet frå den 1. til 10. juli, vil dette vera betra tilpassa snøsmeltinga frå høgjellet, vert det hevda.

I søknaden har dei vurdert konsekvensane for kraftproduksjonen, erosjon i strandsona, landskapsestetiske forhold og biologiske forhold, og oppsummerer såleis:

"Denne endringen i manøvreringsreglementet vil gi en fyllingsbestemmelse som er bedre tilpasset tidspunktet for tilsiget til magasinet fra snøsmelting i høyfjellet.

Endringen vil redusere størrelsen på produksjonstapet som gjeldende fyllingsrestriksjon innebærer, og fyllingskravet vil kunne nås i 29 av 32 år uten at det må legges igjen magasin vann i Tesse på slutten av tappeperioden.

Justeringen av fyllingsbestemmelsen vil være positiv for optimalisering av driften av det nye Smådøla kraftverk og i forhold til muligheten for flomdemping.

Justeringen av fyllingsbestemmelsen vil ha marginal effekt på erosjonsforhold i

Møtebok

reguleringssonen og på landskapsestetiske forhold i magasinområdet.

Effekten av den opprinnelige fyllingsbestemmelsen på biologiske forhold i magasinet er umulig å dokumentere og eventuelt isolere fra andre samtidige påvirkninger. Det samme vil gjelde for justeringen det søkes om."

Merknader:

Dei landskapsestetiske forholda ved ei seinare fylling av Tesse-magasinet er ikkje målbare verdiar, men desse vil heilt klart vera negative. Mange brukar dette området til friluftsliv og rekreasjon, og i relasjon til dette er det ønskjeleg med ei tidleg magasinfyljing..

Konsekvensane for dei biologiske forholda ved ei sterkare nedtapping og seinare fylling, er også vanskeleg og setje mål på. Men ei seinare magasinfyljing vil opplagt vera negativt for det biologiske mangfaldet og føre til ein redusert produksjon av næringsdyr til m.a. fiskebestanden i vatnet. Årsaka til det gode fisket som har vore på Tesse dei siste to-tre åra, kan nok truleg delvis godskrivast endringane i manøvreringsreglementet som kom ved revisjonen for 5 år sidan.

I søknaden sin viser skriv GLB m.a. følgjande:

«Etter GLBs oppfatning innebærer de erfarte produksjonstapene et vesentlig inngrep i produksjonskapasiteten av regulerbar kraft fra Tesse-reguleringen, noe som er forutsatt å ikke skulle skje ved revisjon, jf. blant annet Ot. prop 50 (1991-92) side 47 der det uttales at: *«det forutsettes at revisjon ikke skal medføre vesentlig produksjonstap for konsesjonæren».*

I den same proposisjonen på same side, side 47, står det like fullt følgjande:

«Vilkårenes innhold vil bli å fastsette ut fra konsesjonsmyndighetenes vurdering av hva som er ønskelig og nødvendig på revisjonstidspunktet. Det må tas i betraktning at alle skjerpelser i utgangspunktet medfører dyrere kraftproduksjon. For de fleste vilkår vil en skjerpelse kun føre til økonomisk belastning for konsesjonæren (eks. konsesjonsavgifter, næringsfond og naturvernvilkår), mens en skjerpelse i form av nytt/strengere vilkår om minstevassføring også vil nedføre produksjonstap som vil kunne få betydning for landets totale kraftproduksjon. Dette tap må veies mot den miljømessige vinning.»

-og vidare på same side:

«Endringer i manøvreringsreglementet vil være særlig aktuelt for eldre konsesjoner.»

Av dette går det fram at regulanten skal vurdere eventuelle skjerpa vilkår, som vil medføre produksjonstap eller større økonomiske belastningar, opp mot den miljømessige vinninga.

Møtebok

Fjellstyret si uttale:

Fjellstyret stiller seg skeptisk til ein revisjon som medfører ei endring av manøvreringsreglementet i konsesjonsvilkåra, slik det er søkt om, og vil tilrå at det ikkje vert gjeve løyve til dette. Konsesjonsfornyinga som vart avslutta for fem år sidan er resultat av ein lang og omfattande prosess, der manøvreringsreglementet er ein del av ein heilskap. Det vil vera uheldig å endre delar av dette teke ut av denne heilskapen.

Fjellstyret meiner at ei seinare magasininfylling vil vera negativt for det biologiske mangfaldet, og føre til såpass store uønskte miljømessige konsekvensar, ikkje minst for fiskebestanden i Tesse, at utbyggjarane må akseptere det produksjonstapet endringa medførte. Like fullt som det er sagt at konsesjonæren ikkje skal påførast eit vesentleg produksjonstap ved ein revisjon, er myndigheitene pålagte å vurdere dei miljømessige konsekvensane og hindre eller redusere tap av naturmangfaldet. Regulanten vil sjølv sagt vera interessert i å ta ut mest mogleg av det kraftpotensialet som reguleringa gjev høve til, innanfor dei rammene som er gjevne ved ein konsesjon. Rammene er sett av myndigheitene etter ei totalvurdering av innspel og synspunkt frå alle interessegruppene i saker om kraftutbygging. Ei eventuell endring av rammene må derfor basere seg på ei grundig vurdering av innspel frå alle interessegruppene, og ikkje berre på å auke kraftpotensialet og dermed ein auka økonomisk gevinst for utbyggjaren. Samrøystes.

Utskrift går til:

- NVE
- Formannskapet, Lom kommune
- Tesse fiskarlag v/Arne Bjørgen



